

Joakim Goldhahn & Terje Østigård:

Rituelle spesialister i bronse- og jernalderen

GOTARC serie C, Arkeologiska Skrifter No 65, Göteborg, 2007

Ørjan Engedal

Eit vitskapleg arbeide skal også målast på ambisjonane og dei spørsmåla som vert stilte. Kven hogg bilete i berg, kven laga gjenstandar i bronse og jern, kven brende dei døde – og kva var tilhøva mellom dei? Joakim Goldhahn og Terje Østigård innleiar ei lenge forsømd jakt på menneska bak sentrale arkeologiske kjeldekategoriar. Det er såleis med stor glede og interesse eg får eit to-bindsværk i hende, som tek sikte på å ringe inn *dei rituelle spesialistane i bronse- og jernalderen*.

Bøkene har delikat layout mellom mjuke permar, og er rikt illustrert med teikningar og foto i svart-kvitt. Bind 1 inneheld ein felles introduksjon, og «Dødens hand – en essä om brons- och hållsmed» av Joakim Goldhahn, til saman 372 sider. Bind 2 inneheld «Transformatören. Ildens mester i jernalderen» av Terje Østigård, og ein felles epilog, til saman 199 sider. Goldhahn og Østigård skil seg i empiri, i tilnærming og i volum, men får eit felles overbygg i introduksjon og epilog.

«Dødens hand – en essä om brons- och hållsmed»

Goldhahn nemner si tilnærming som *relasjonell*, og perspektivet sitt som *possibilisme*. Med *relasjonell* er meint eit fokus på dei observerbare relasjonane mellom ulike materielle spor og kategoriar av slike; med *possibilisme* ei omfanning av det unike, særskilt dei unike konstruksjonane som dukkar fram gjennom fokuset på relasjonar og kombinasjonar. I følgje Goldhahn vert vår moderne spesialisering og profesjonalisering, også innanfor den arkeologiske praksisen, i altfor stor grad spegla i vår framstilling av forhistoria. Dette gjeld skilja mellom teknologi og ritual/ideologi, men og måten ulike materielle

kategoriar – metall, keramikk, berg, kvarts – vert handsama på; heilt frå feltrapporten til vidare forskingsprosjekt: «*Ett allvarligt problem [...] är att arkeologiska kontexter avkontextualiseras genom den arkeologiska praxis som i slutänden syftar till att studera arkeologiska kontexter.*» Faren er, hevdar Goldhahn, at me projiserar skilje bak i bronsealderen som aldri var tilstades.

Goldhahn bind saman helleristing, bronsestøyping, keramikkproduksjon, kremasjon og flatehogging (flint/kvarts), til aktivitetar utførte av dei same menneska, handlingar samanveva innanfor den same institusjonen av rituelle spesialistar.

Mellom dei viktigaste koplingane er materielle kategoriar (kvarts, kleber), kunnskap (pyroteknisk) og lokalisering (av biletmotiv, aktivitetar). Kvartsen vert følgd frå essensielt magringsmedium i smeltediglar og støypeformer til sentralt element i bergbiletekomposisjonar. Kleberen vert følgd frå materiale til støypeformer til lerret for bergbilete. Kompleks kunnskap om eld og varme vert spora i bronsestøyping, i kremasjon og i keramikkproduksjon. Visse biletmotiv vert spora både på berg og bronse, og fenomenet bergbilete vert følgd frå opne berg, til kleberbrot og til lause blokker i graver. Bronsestøyping, keramikkproduksjon og flint-/kvartsproduksjon vert koplta til dei same lokalitetane: «*Det er inte möjligt att på arkeologisk väg separera skilda produktions- och handtverksplatser från varandra under bronsåldern. Dessa är integrerade med varandra och sammanfaller med väl avskilda platser i landskapet.*»

Bronsesmeden vert bronsealderens kosmolog, med kunnskap om liv og død, ei rad ulike teknologiar og medium, og med ansvar for overgangsritual. Når dei rituelle sfærene i bronsealderen synest «*[...] länkade till varandra likt träd*

i en skogsiluet», er dette truleg den største av «flera gordiska knutar som vi inte lyckats lösa». Desse koplingane synest å verte tolka noko ulikt, men det vert avslutningsvis (i epilog) moderert eller avgrensa til koplinga bronsestøyping–helleristing; og det vert også understreka at desse hørde inn under same *institusjon*, og ikkje naudsynleg same *person*.

Truleg kan andre koplingar vektleggast, andre funnstader hentast fram, og koplingane forklarast på andre vis. Viktigast er at Goldhahn overtyder om at bronsealderverda, og kjeldekategoriane våre, heng saman. Han har såleis også overtydd om at ein *relasjonell* strategi kan bringe, ja, tvingar, fram ei annleis forståing av bronsealderen, bakom kategoriane våre.

Ei av dei sterkaste sidene ved framstillinga er Goldhahn si breidde og innsyn i materiale og litteratur frå Sverige, Noreg og Danmark. Han kvir seg heller ikkje for å hente inn ei rekkje nyare, publiserte og upubliserte, hovudfags-/masteroppgåver. Goldhahn oppnår sin viktigaste ambisjon, om å formidle undring, iallefall til denne lesaren, gjennom sine mange detaljerte gjennomgangar og illustrasjonar av gåtefulle funnkompleks.

«*Transformatøren. Ildens mester i jernalderen*»

Østigård innleiar med å klårgjere ei rekkje sentrale omgrep: «religion», «ritual», «døderitual», «begravelsesritual», «grav»; med fokus på korleis desse fenomena kan studerast på arkeologiske premissar.

Ei berande kopling vidare i avhandlinga, er koplinga mellom jernteknologi og kremasjon. Her står Per Holck sitt arbeide på førhistoriske kremasjonar i Noreg sentralt. Østigård legg vekt på to resultat frå dette arbeidet: a) berre unntaksvis er alt kremert bein frå ein kropp lagt i grava, og b) mykje av beina har vore brende på høge temperaturar (grad 3-4; 1000-1300 grader Celsius).

Den små mengda bein i gravene, ser Østigård i lys av perspektiv han tidlegare har utvikla på døderitual generelt og kremasjon spesielt. Kremasjon opnar nye moglegheiter for bruk av liket som materiell kultur. Sidan berre ein liten

del av beinmengda vart lagt i urna eller i grava, kan resten i prinsippet koplast til andre fenomen. Jernteknologi, først og fremst å gjere jern til stål, er eit område der bein kan ha hatt ei funksjonell rolle. Såleis gjer Østigård ei kopling mellom kremasjon og jernteknologi.

Den høge brenningsgraden på beina, koplar Østigård til kompleks kunnskap om eld, og til jernteknologien. Berre i kremasjonsbålet, smelteomnen og smia fanst temperaturar over 1000 grader. Brenningsgraden på beina vert her brukt til å styrke koplinga mellom krematøren og smeden – *transformatøren* er fødd.

Vidare ser Østigård transformatøren (smeden/krematøren) i lys av overgangen mellom eldre og yngre jernalder. I denne overgangen ser han også endringar i status og virkefelt for transformatøren. I eldre jernalder omfatta eit spesialisert presteskap både kremasjon og jernteknologi, innanfor ein animistisk religion. I yngre jernalder vert transformatøren marginalisert, parallelt med eit skifte mot ein polyteistisk religion. Kremasjonar vert no utført på familienivå, medan smeden framleis står som sentral arrangør av døderitual, m.a. demonstrert i nedlegging av smedutstyr, slag og trekol i gravene. Østigård legg vekt på at mangelen på kremasjonar, og særskilt smedgraver, på Island og dei britiske øyene, indikerar at transformatøren sitt tradisjonelle domene, og dei maktstrukturane det var ein del av, ikkje vart overført til dei nye områda i vest. I overgangen til mellomalder vert så smedverksemda marginalisert til ei rein økonomisk sfære av samfunnet.

Ei rekkje sentrale tema i norsk jernalderforskning vert handsama, og fletta inn i forklaringsmodellane. Sett frå bronsealderen verkar jernalderarkeologien endå meir spesialisert enn perioden før; og i koplingane mellom jernvinna, smia og framstilling av dyreornamentikk i bronse, og mellom arkeologiske og historiske kjelder; trakkar Østigård over farleg mark.

Østigård sine studiar av kremasjonspraksisar i ei rekkje land, inklusive moderne norske krematorium, samt breidda hans i perspektiv på døden og ritualet, er ei vesentleg styrke ved framstillinga.

Eld & kompleksitet – kritiske kommentarar

Felles for dei to forfattarane er fokuset på relasjonen mellom metallurgi og kremasjon, og kompleksiteten i praktisk kunnskap om eld. Vurdering av *kompleksitet* ligg i botn for nokre av dei mest sentrale koplingane. Vidare, ved å fjerne nokre grenser (mellom metall/død/bergbilete) forsterkar dei i same grepet, underforstått, grensene mellom spesialistane og dei andre – folk flest. Kor komplekse kremasjons-, bronse- og jerneldane var, er relativt. Relativt i høve til meir ålmenn bruk av eld – matlaging, ølbrygging, bek- og tjøreproduksjon osv.; relativt i høve til det generelle kompetansenivået. I jakta på dei komplekse kunnskapane hjå dei få, må det minnast om at me veit lite om bruken av eld på grasrotnivå. Med tanke på dei mange sofflekkane og gropene fylte med kol, på ei gjennomsnittleg flateavdekking, er bruken av eld i førhistoria framleis lite forstått. Eg sit att med eit ynskje om *meir* kunnskap om elden i forhistoria, eller rettare – *endå meir*. Det ligg ei fare i fokuset på det spesialiserte, komplekse, profesjonaliserte, institusjonaliserte: for å stille desse i relieff, vert det meir ålmenne kunnskapsnivået og erfaringsnivået undersøpt. Arkeologien har streva med å gjere den før-moderne handverkaren til (multi-)kunstnar og rituell spesialist. Me har framleis ei utfordring å gjere *alle* til handverkarar og teknologar i førhistoria – alle fingernemme og dugande etter våre målestokkar. Å lage og bruke, var å leve. Moglegvis er omgrepa *handverk* og *teknologi* til sjuande og sist til hinder for dette? Vert *dei andre* ståande hjelpelause kring handverkaren og spesialisten?

Høg temperatur er berre ein av fleire variablar, og kanskje overfokuserar me på denne. Forfattarane går inn på overgangen frå bronse- til jernteknologi, og tidlegare forskarar sine tankar om ei demokratisering og *forenkling* av metallteknologien. Ei samanlikning bronse- versus jernteknologi generelt, og i høve til *kompleksitet* spesielt, kan fort verte missvisande. Framstilling av metallet må skiljast frå gjenstandsproduksjonen. Framstilling av kopar/tinn må samanliknast med jernvinna; bronsestøyping med jernsmiing.

Det vanlege har vore å samanlikne to storleikar, som på generelt grunnlag ikkje er likeverdige: tilverking av bronsegjenstandar frå importert bronse på ei side; versus framstilling av jern frå myrmalm og smiing av jerngjenstandar på den andre. Kulturhistorisk sett, kan det godt vere at dette er dei reelle storleikane. Generelt, teknologisk sett, er dette sjølvsagt missvisande. Forfattarane gjer seg vidare skuldig i ei feilslutting når dei hevdar jernteknologien var meir komplisert, *fordi jern smeltar på 1537 grader*, medan koparstøyping føregår ved berre 1300 grader. Jernet vart ikkje smelta verken i framstillingsprosessen eller i gjenstandsproduksjonen. *Smelting* av jern, dvs. støyping av jern er eit seinare (mellomalder) fenomen i Norden. Tilstrekkeleg temperatur ved framstilling av smijern, ligg kring 1200 grader som får *slagget* til å smelte (Tylecote 1987:151-152). Smiing føregår i intervallet 1250-700 grader (Tylecote 1987:262). Temperatur bør relaterast til volum: kor stort volum må varmest til ein viss temperatur? Slik sett vert brenning av eit komplett lik på 1200 grader truleg den største utfordringa. Om beina kunne samlast saman, og volumet komprimerast, vert utfordringa mindre.

Ei vidare samanlikning av bronse og jernteknologi, slik det arta seg i Norden, bør truleg involvere fleire variablar enn temperatur. Krematøren må ha kunnskap om stabling og oppbygging av større stykke brensel, og å nytte og manipulere naturleg trekk og vind. Både bronse og jernsmeden eliminerte desse faktorane, gjennom bruk av trekol (som ikkje kunne stablast) og belg og dyserøyr (som laga og styrte trekk); og begge opererte i små omnar med lite varmetap. Kremasjonen kunne, i brenslatype, stabling og bruk av naturleg trekk, kanskje også minne om tjøreproduksjon, trekolproduksjon, brenning av keramikk og komplekse kokegropanlegg? Interessant ville det også vere å undersøke *andre* konstruksjonstypar av kremasjonsomnar enn dei som er avbilda og skisserte. Kven veit kva temperatur og trekkeffekt ein kunne få ved å bruke eit langskip i bålkonstruksjonen?

Dei rituelle spesialistane – utsyn

I ein vidare samanheng av arkeologisk kunnskapsproduksjon, ser eg i *rituelle spesialistar* fleire viktige skifte i fokus. Eitt, er tyngdepunktet på materialitet og praktisk handling i relasjonen teknologi/materiell kultur versus ideologi/religion – og at det får *gjennomslag* inn i det ideologiske-/religiøse domenet. Det andre er fokuset på produksjon versus forbruk, i handsaminga av materiell kultur. Østigård påpeikar at innanfor materielle kulturstudiar har fokuset skifta frå produksjon til forbruk, men at potensialet for *produksjon* av materiell kultur i stor grad ligg unytta i arkeologi. Eit tredje er vektinga av empiri versus analogi. Begge forfattarane gjer utstrakt bruk av etnografiske/historiske analogiar, men her finst ei uttalt vilje og evne til å late empirien bremse og styre tolkingsretninga.

To-bindsverket er eit vesentleg bidrag til ei religionshistorie sterkare fundert i materiell kultur, som kryssar gjennom treperiodesystemet. Ei styrke ved begge framstillingane, er ambisjonen om, og evna til, å integrere skilde disiplinær, forskingsfelt og kategoriar av arkeologisk kjeldemateriale. Såleis har forfattarane trampa inn i andre sine domene. Feil, forenklingar og feilkoplingar må kritiserast, men sjølve *overtrampet* må omfamnast. Goldhahn og Østigård har gjeve oss ei rad nye gordiske knutar og løysingsforslag som vanskeleg kan ignorerast i nye arbeide. Det beste med *rituelle spesialistar*, er at dei går langt – dei dreg vide kulturhistoriske slutningar. Det er såleis på fleire vis, eit bidrag til ei ny arkeologisk sjølvkjensle i emning – ein arkeologi på arkeologiske premissar.

Litteratur

Tylecote, R. F. 1987: *The early history of metallurgy in Europe*. Longman. London/New York.